



Gisle Skråmestø  
Nova 2  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/1935 - 23/15278

Saksbehandlar:  
Marit Nedreli  
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:  
28.06.2023

## 1/83 Loftås - Oppføring av einebustad og garasje - ferdigattest

### Administrativt vedtak. Saknr: 185/23

**Tiltakshavar:** Gisle Skråmestø  
**Ansvarleg søkjar:** Mjelde Bygg As  
**Tiltak:** Oppføring av einebustad og garasje  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

### Kommunedirektøren sitt vedtak:

**"Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for oppføring av einebustad og garasje på gnr. 1 bnr. 83.**

**Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. plan- og bygningslova § 20-1, bokstav d."**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 12.07.2021 saknr. 232/21 og 22.11.2022 saknr. 338/22. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles synt til søknad motteken 28.06.2023

### Skildring

Adresse:	Gnr. 1 bnr. 83.
Bygningstiltak:	Oppføring av einebustad og garasje
Bygningsnummer:	300936883 og 300936936.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

## Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/1935.

Med helsing

Tore Johan Erstad  
leiar

Marit Nedreli  
fagansvarleg byggjesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Bir Privat AS	Postboks 6004	5892	BERGEN
---------------	---------------	------	--------

### Mottakarar:

Gisle Skråmestø	Nova 2	5281	VALESTRANDSFOSSEN
Mjelde Bygg As	Mjelddalen 85	5286	HAUS